
Fra: Eldri Siem <Eldri.Siem@nord-fron.kommune.no>

Sendt: 13. februar 2019 14.21

Til: Nilsen Odd Anders <Odd-Anders.Nilsen@lmd.dep.no>

Kopi: Hagen Gunnar <Gunnar.Hagen@lmd.dep.no>; Løvik Ottar Andreas <Ottar-Andreas.Lovik@lmd.dep.no>; Tom Nøvik <Tom.Novik@nord-fron.kommune.no>; Arne Sandbu <arne.sandbu@nord-fron.kommune.no>

Emne: SV: Høyring - Forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Hei!

Syner til LMD sin e-post den 24.1.2019 og Nord-Fron kommune sin e-post den 7.2.2019.

Vedlagt ligg uttale frå **Nord-Fron kommune, KOM-sak 012/19**, vedrørende høyring - Forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr.

Både administrasjonssjefen sitt saksframlegg (tidlegare oversenda den 7.2.2019) og kommunestyret sitt vedtak av den 12.2.2019 ligg vedlagt.

Fint om vedlagte dokument blir lagt ut/»lasta opp» under [høyringssvar](#).

Mbh

Eldri Siem
jordbrukssjef Nord-Fron kommune

Tlf. 61216192
Mob. 91 72 68 70

Fra: Nilsen Odd Anders [<mailto:Odd-Anders.Nilsen@lmd.dep.no>]

Sendt: 24. januar 2019 14:03

Til: Eldri Siem

Kopi: Hagen Gunnar; Løvik Ottar Andreas

Emne: VS: Høyring - Forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Hei,

Jeg viser til hyggelig telefonsamtale og din e-post til Ottar Løvik. Som nevnt antar vi at Nord-Fron kommunes uttalelse kan behandles dersom den oversendes 13. februar 2019. Vi ber om at rådmannens saksframlegg med innstilling oversendes når det foreligger.

Med hilsen

Odd Anders Nilsen
fagdirektør

Landbruks- og matdepartementet
matpolitisk avdeling

Telefon: 22 24 93 14

Mobil: 905 07 394

E-post: odd-anders.nilsen@lmd.dep.no

www.regjeringen.no/lmd

Fra: Eldri Siem <Eldri.Siem@nord-fron.kommune.no>

Sendt: 24. januar 2019 11.40

Til: Løvik Ottar Andreas <Ottar-Andreas.Lovik@lmd.dep.no>

Kopi: Geir Johan Groven <Geir.Johan.Groven@nord-fron.kommune.no>; Arne Sandbu <arne.sandbu@nord-fron.kommune.no>; Tom Nøvik <Tom.Novik@nord-fron.kommune.no>; Egil Tofte <Egil.Tofte@nord-fron.kommune.no>

Emne: Høyring - Forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Hei!

Nord-Fron kommune syner til høringsbrev dagsett 22.11.2018 i høve til forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr.

Kommunen ønske med dette å avklare om det kan gis utsett høringsfrist til den 13.2.2019 ? Dette på grunn av at kommunestyret har møte fyrst den 12.2.2019.

Fint om de kan vidaresende e-posten til rette vedkommende dvs. ansvarleg for høyringssaka.

Mbh

Eldri Siem
jordbrukssjef Nord-Fron kommune

Tlf. 61216192
Mob. 91 72 68 70

012/19: Høyring - forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Administrasjonssjefen legg saka fram for kommunestyret i Nord-Fron med slik

Innstilling:

Nord-Fron kommune er oppteke av å sikre god dyrevelferd i alle husdyrproduksjonar, også i pelsdyrnæringa.

Kommunen støttar ikkje forslaget til lov om forbod mot hald av pelsdyr, da dette fører til eit næringsforbod for pelsdyroppdrettarar.

Nord-Fron kommune støttar ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i tråd med Stortinget sitt vedtak frå 2017. Det er viktig med føreseielege og langsiktige rammer for pelsdyrnæringa.

Dersom forbodet likevel blir gjennomført inneber dette store økonomiske konsekvensar for næringsaktørane og omsetningsapparatet, noko som må erstattast fullt ut.

Kommunestyret 12.02.2019:

Behandling i møte:

Ragnar Jacobsen Nord-Fron H la fram følgende forslag til vedtak:

1. Nord-Fron Kommune støtter ikke forslaget til lov om forbud mot hold av pelsdyr. Pelsdyrnæringen er en lovlig næring av stor betydning for distriktene. En bærekraftig næring som står for 500 arbeidsplasser og bidrar med 300 millioner kroner i inntekter til Staten. Næringen er underlagt et mye strengere regelsett bla for dyrevelferd enn i andre land.
2. I Stortingsmelding nr 8 2016/17 legges det til rette for en bærekraftig utvikling i pelsdyrnæringen. Det vil da oppleves som uforståelig for de berørte når det året etter legges fram et lovforslag med tanke på et forbud.
3. Konsekvensene av en innføring av loven vil bli store spesielt i forhold til omstillingsprosessen for personer tilknyttet næringen.
4. Dersom loven skulle bli vedtatt vil det være nødvendig å få på plass gode kompensasjonsordninger. Ordninger som sikrer at de næringsdrivende ikke lider økonomisk tap og som dekker omstilling til annen næring eller utdanning.

Det vart gjort følgjande votering:

Adm sitt forslag fall med 14 mot 10 røyster.

Deretter vart Ragnar Jacobsen sitt forslag enstemming vedtatt.

KOM- 012/19 Vedtak:

1. Nord-Fron Kommune støtter ikke forslaget til lov om forbud mot hold av pelsdyr. Pelsdyrnæringen er en lovlig næring av stor betydning for distriktene. En bærekraftig næring som står for 500 arbeidsplasser og bidrar med 300 millioner kroner i inntekter til Staten. Næringen er underlagt et mye strengere regelsett bla for dyrevelferd enn i andre land.
2. I Stortingsmelding nr 8 2016/17 legges det til rette for en bærekraftig utvikling i pelsdyrnæringen. Det vil da oppleves som uforståelig for de berørte når det året etter legges fram et lovforslag med tanke på et forbud.
3. Konsekvensene av en innføring av loven vil bli store spesielt i forhold til omstillingsprosessen for personer tilknyttet næringen.
4. Dersom loven skulle bli vedtatt vil det være nødvendig å få på plass gode kompensasjonsordninger. Ordninger som sikrer at de næringsdrivende ikke lider økonomisk tap og som dekker omstilling til annen næring eller utdanning.

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høring - forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Utval	Saksnr	Møtedato
Kommunestyret		
Saksbehandlar	Journalpost	
Eldri Siem	19/2047	

Vedlegg:

1. Høring – forslag til lov om forbod mot hold av pelsdyr, 22 .11. 2018

Administrasjonssjefen legg saka fram for kommunestyret i Nord-Fron med slik

Innstilling:

1. Nord-Fron kommune er oppteke av å sikre god dyrevelferd i alle husdyrproduksjonar, også i pelsdyrnæringa.
2. Kommunen støttar ikkje forslaget til lov om forbod mot hald av pelsdyr, da dette fører til eit næringsforbod for pelsdyroppdrettarar.
3. Nord-Fron kommune støttar ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i tråd med Stortinget sitt vedtak frå 2017. Det er viktig med føreseielege og langsiktige rammer for pelsdyrnæringa.
4. Dersom forbodet likevel blir gjennomført inneber dette store økonomiske konsekvensar for næringsaktørane og omsetningsapparatet, noko som må erstattast fullt ut.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt på høring forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdrettarane. Høyringsdokumentet er dagsett den 22.11.2018 med høyringsfrist den 31.1.2019.

Kommunane er *ikkje* høyringsinstans, men alle som ønske kan gje uttale til høyringa. Nord-Fron kommune har etter avtale med LMD fått utsett høyringsfrist til den 13.2.2019, dette for at kommunestyret på møtet den 12.2.2019 skal kunne gje uttale. LMD ber i e-post den 24.1.2019 om at rådmannen sitt saksframlegg med innstilling blir oversendt når det foreligg.

Hald av pelsdyr er i dag tillatt på dei vilkår som følgjer av lov 19.6.2009 nr. 97 om dyrevelferd og forskrift 17.3.2011 nr. 296 om hald av pelsdyr.

Høyringsnotatet følgjer opp regjeringa si politiske plattform frå 14.1.2018 om at det skal *fremmes* ein lovproposisjon om forbod mot pelsdyrhald med ei avviklingsperiode for eksisterande produsentar fram til årsskiftet 2024/2025. Det er lagt opp til at

eksisterande næringsaktørar/pelsdyroppdrettarar pr. 15.1.2018 får økonomisk kompensasjon som følgje av forbodet mot hald av pelsdyr.

LMD foreslår at det blir lovfesta eit forbod mot å halde eller drive oppdrett av dyr «utelukkende eller primært» for at dyra eller deira avkom skal avlivast med sikte på sal eller anna nytte av pelsen. Departementet foreslår at forbodet trer i kraft straks, men med ei avviklingsperiode fram til 1.2.2025 for dei produsentane som dreiv oppal av pelsdyr da lova trådde i kraft.

Departementet foreslår vidare at lova gjev heimel til å fastsetja forskrifter om kompensasjon for tap av retten til å halde pelsdyr.

På landbasis er det om lag 200 føretak med pelsdyr. Analysetal frå 2018 syner at pelsdyrnæringa skaper om lag 500 arbeidsplassar og gav 300 millionar i eksportinntekter i 2017.

I Nord-Fron kommune har vi ein av landets største pelsdyroppdrettarar med 2.200 revetisper og 380 minktisper. Mattilsynet sine rapportar i samband med utført tilsyn og Welfur-sertifisering gjev dokumentasjon for god dyrevelferd.

Nord-Fron kommune vil i hovudsak gje uttale i høve til lovforbodet mot hald av pelsdyr.

Rådmannsleiinga si vurdering:

I Norge har det vore drivi med oppdrett av pelsdyr i over 100 år. Historisk har pelsdyroppdrettet vore ei viktig næring/tilleggsnæring for å styrke driftsgrunnlaget på mindre landbrukseigedomar. Pelsdyrproduksjon har kunne gjeve gardbrukarar eit breiare næringsgrunnlag. Oppdrett av pelsdyr er og har vore viktig for å kunne ha fleire heiltidsbønder, og det har vore ei distriksnæring for bygdene.

Det er i all hovudsak oppdrett av mink, sølvrev og blårev her i landet. Pelsdyroppdrettet blir vanlegvis drive i kombinasjon med anna landbruksnæring, noko som er i tråd med ønska politikk i norsk landbruk.

Stortinget sitt vedtak den 10. januar 2017 om ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa førte til at pelsdyrbønder investerte i betre dyrevelferd og eit framtidsretta landbruk.

Norske pelsdyr er ofte og grundig kontrollert, og er pålagt 3 veterinærbesøk kvart år, omfattande interne kontroller og sertifiseringsinspeksjonar i samband med Welfur inngår i kontrollprogrammet.

Helsetjenesten for pelsdyr har inngått avtale med om lag 100 veterinærar som pliktar å gjennomføre obligatoriske helseovervåkingsbesøk til fastsette perioder årleg, pluss besøk ved behov. Ved førre helseovervåkingsbesøk (hausten 2018) svarte 100 % av veterinærane at det er svært god eller god dyrevelferd i pelsdyrbuskapane.

Mattilsynet si uttale til høyringa dagsett 7.1.2019 støttar eit forbod mot hald av pelsdyr. Men ein registrerer at det er lite samsvar mellom Mattilsynet si høyringsuttale til lovforbodet mot pelsdyrhald og Mattilsynet sine eigne årsrapportar frå 2017. Dersom Mattilsynet er av den oppfatning at dyrevelferden ikkje er god hos

einskilde pelsdyroppdrettarar har tilsynet pr. i dag heimelgrunnlag og verkemiddel til å eventuelt avslutte slike dyrehald, dette i staden for å støtte eit generelt forbod mot pelsdyr.

Grunngjevinga og argumentasjon for eit forbod mot hald av pelsdyr har heile tida vore dyrevelferden. Dyrevelferden er i liten grad drøfta i høyringsnotatet, men heller dreia mot eit forbod mot å halde eller drive oppdrett av dyr primært for at *dyrene eller deres avkom skal avlives med sikte på salg eller annen utnyttelse av pelsen*. Slik ein forstår av høyringa er det naudsynt med ei eige lov/lovforbod for å kunne nekte pelsdyrproduksjon. Det vil si at forslaget om forbod mot hald av pelsdyr ikkje har heimelsgrunnlag i Lov om dyrevelferd.

Rådmannsleiinga er oppteke av å sikre god dyrevelferd i alle husdyrproduksjonar. Dyr har eigeverdi jf. Lov om dyrevelferd §3, *Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger*. Dyrevelferdslova og forskrifter gjev føresegner om korleis pelsdyr skal ha det. Dersom veterinærfaglege myndigheiter meiner at sentrale lover og forskrifter ikkje er gode nok for å sikre god dyrevelferd i pelsdyrnæringa, er det opp til myndigheitene å utforme eit regelverk som pelsdyrnæringa må etterkome/tilpasse seg. Men det er *viktig med føreseielege og langsiktige rammer for næringa*.

Norske pelsdyroppdrettarar produserer pels i verdsklasse. Våre naboland har pelsdyrproduksjon, særskilt Danmark. Pelsdyrnæringa er ei lønnsom virksomheit der m.a. slakteriavfall/biprodukter blir nytta som fôrressurs. Dersom det blir forbod mot å halde eller drive oppal av dyr for produksjon av pels i Norge, ser ein det som naturleg at det blir fulgt opp med tiltak mot omsetning av importerte pelsprodukter.

Forslaget til forbod mot pelsdyr er ikkje fagleg begrunna, og er svært inngripande i høve til pelsdyroppdrettarane. Dersom det blir eit lovforbod mot pelsdyr må kompensasjonsordningar sikre at gardbrukarane/aktørane får erstatning fullt ut og at kompensasjon blir berekna individuelt. Her dreier det seg mellom anna om erstatning for bygningsmasse/driftsapparat, utgifter til opprydding og eit framtidig inntektstap (kapitalisert opp) m.m.

Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker vart i møte 30.1.19 informert om at det blir arbeid med sak til kommunestyret den 12.2.19. Pga. at vi ikkje har fått laga saka i forkant av LUM sitt møte vart LUM gjort kjent med at saka går direkte til KS.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu